



Tekst & musikk  
**FREDDIE  
LANGRIND**

## OTTESONG

*Andaktsstemning.*

*Synnøve signast av Kyrkja  
saman med faren Otte*

Det ligg morgondis over fjorden i dag,  
men i kykjespiret glør sol,  
og bakkane grønast mot kvitkledde fjell  
og himlens kvelving er stor.  
Ein dag smyg seg stillsamt i høgaste rand  
og skuggar driv ifrå land.

Ho låg tung og svart, denne fælslege natt,  
sjølve styggemannen gjekk laus;  
fann mistru for rettferd, og myrkje for ljós,  
og songen smerteleg taus.  
Men trua stod trassig og rakrygga mot  
og kravde plass for si rot.

Denne tru er sterkt, denne rota er vår,  
vi skal plante sælebotts tre  
og trea skal vekse og titt bere frukt  
og Herrens vilje vil skje.  
No solkvervast dimma og lettar sitt slør  
og kyrkja opnar si dør.